



REGLEMENTFOR DELEGERING AV MYNDE I OS KOMMUNE

Vedteke i Os kommunestyre
25.09.12, sak 71/12
(Sist endret 26.09.2017 sak
84/2017, redaksjonell
endring/vidaredelegasjon per
21.06.13)



1	Innleiing	3
	1.1 Endringar	3
	1.2 Adhoc-utval	3
	1.3 Om delegeringsreglementet	3
	1.4 Evaluering / oppdatering	3
2	Klagerett	5
3	Generelle saksområde	6
	3.1 Kommunestyret	6
	3.2 Ordførar / varaordførar	6
	3.3 Formannskapet	6
	3.4 Plan- og bygningsutvalet	6
	3.5 Tenesteutvalet	6
	3.6 Rådmannen	7
	3.7 Klagenemnda	7
4	Saker der kommunestyret, formannskapet eller ordførar tek avgjerd	8
5	Andre oppgåver for ordførar / varaordførar	10
6	Delegering	11
	6.1 Hovudprinsipp	11
	6.2 Generelt	12
	6.3 Hastemynde	12
	6.4 Barnehage	13
	6.5 Helsevern og sosiale tenester	13
	6.6 Plan- og tekniske tenester	14
	6.7 Undervisning	16
	6.8 Personale	16
	6.9 Økonomi	17
	6.10 Andre særlover	18
	6.11 Anna	19
7	Oversikt over utval, råd og nemnder	21

1 Innleiing

For å sikre og utvikle eit funksjonsdyktig og levande lokaldemokrati, ein rasjonell og effektiv forvaltning, samt borgarane sine rettar, er det naudsynt å delegere mynde og etablere gode klageordningar.

Alle prinsipielle saker skal handsamast av politisk nivå. I saker der ein berører prinsipielle spørsmål, må desse avklarast politisk før sjølve saka kan avgjerast administrativt.

Reglementet i Os er lagt opp etter eit prinsipp om at det som kan delegerast er delegert (maksimal delegasjon), unntak frå denne hovudregelen skal nemnast i reglementet (omvendt prinsipp).

1.1 Endringar

Kommunen sitt delegeringsreglement vart sist endra 02.06.09.

Etter god forvaltningsskikk, bør reglementet handsamast i kvar kommunestyreperiode.

Det er i dette framlegget knytt reell endring til handsaming av saker etter plan og bygningslova. Grunngevinga for dette er kommunestyret sitt vedtak kring ny overordna Kommuneplan, som legg politiske føringar på den administrative handsaminga. Endringa vil medføre at sakshandsamingstida i Os kan kortast ned i kurante saker, samt at tidsbruken i Plan- og bygningsutvalet kan nyttast til prinsipielle avklaringar og planspørsmål.

Vidare er det framlegg om at ordføraren er gjeve fullmakt til å ta avgjerd i ikkje prinsipielle saker, samt ei presisering av fullmakt i høve t.d. sommarfullmakt.

1.2 Adhocutval

Os kommune skal framleis nytta Adhocutval i arbeidet med større einskildprosjekt, omfattande utgreiingar og liknande. Utvala kan setjast saman av både politikarar, tilsette og eksterne representantar. Mandat vert utforma i samband med oppnemninga av kvart enkelt adhocutval. Mandatet skal omfatta emne, tid og omfang, og dessutan evt. økonomisk ramme.

1.3 Om delegeringsreglementet

Reglement for delegering inneheld

1. Oversikt over oppgåver som kommunestyret sjølv skal avgjera, og oppgåver og mynde for ordføraren
2. Mynde til å gjera vedtak som treng delegeringsvedtak for å kunna utførast av andre organ enn kommunestyret.
3. Oversikt over styre, råd og utval

Det må førast møtebok for forvaltningssaker (t.d. ved registrering i sakssystemet eller i fagsystem), også når slike saker vert avgjort i administrasjonen, og det må etablerast ryddige rutinar for tilbakemelding til politiske organ om dei avgjerder som er gjort.

1.4 Vidaredelegering

Mynde som er delegert til rådmannen kan vidaredelegerast, om ikkje anna er utrykkeleg bestemt.

1.5 Bruk av fullmakter:

All delegert mynde skal brukast i samsvar med delegeringsreglementet, dei sakshandsamingsreglar som følgjer av lov, føresegnar og reglement (sjå etiske retningslinjer). Elles skal all mynde utøvast innan plan- og budsjettrammer.

1.6 Tilbakekalling av delegert mynde

Den instans som har delegert mynde kan trekke denne mynden tilbake.

1.7 Rett til å unnlate å bruke delegert mynde

Den som har fått delegert mynde kan i særlege høve overlate til overordna organ å treffe avgjerd i ei konkret sak.

1.8 Omgjeringsrett

Overordna organ kan av eige tiltak gjere om vedtak fatta av underordna organ innafor ramma av forvaltningslova, § 35.

1.9 Evaluering / oppdatering

Rådmannen får fullmakt til å gjere redaksjonelle mindre tilpassingar som følgje av endringar i lovverket eller nytt lovverk.

Reglementet bør reviderast/oppdaterast ein gong kvar kommunestyreperiode, fortrinnsvis i starten av perioden.

2 Klagerett

2.1 Forvaltningslova

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova), av 10.februar 1967, sist endra 17.12.10 nr. 85

Etter Forvaltningslova (Fvl) [§28, 2.ledd](#), er det berre såkalla enkeltvedtak det er klagerett på. (sjå Fvl [§2, a og b](#)). Saksbehandlarane må i kvart enkelt høve vurderer om det er snakk om eit enkeltvedtak med klagerett før dei i melding om administrativt vedtak informerer om klagerett på vedtaket.

I dei tilfella der administrasjonen fattar ei avgjerd som følgjer ei forskrift heimla i lov eller eit reglement heimla i lov eller forskrift vil det ikkje vere klagerett på denne avgjerda. Ei evt. klage vil retta seg mot forskrifta og ikkje mot kommunen si praktisering av denne. Avgjerda vert difor ikkje eit einskildvedtak som det er råd å klage på. Administrasjonen si avgjerd er endeleg.

I slike tilfelle kan søkjaren evt. søkja om dispensasjon frå forskrifta. Ei avgjerd om å gje, eller ikkje gje dispensasjon i høve til forskrifta vil vera eit enkeltvedtak, og det vil difor vera råd å klaga på eit slikt vedtak.

2.2 Klagenemnda

Den særskilte klagenemnda i Os kommune er oppnemnd av kommunestyret i samsvar med [Forvaltningslova § 28, 2. ledd](#)

Den særskilte klagenemnda har – på kommunestyret sine vegner – mandat til å avgjera klagesaker **vedk. enkeltvedtak** ([jfr. fvl. § 2b](#)) som ikkje er gjort etter særlov, eller der det er fastsett i særlov at kommunestyret er klageinstans.

2.3 Administrative vedtak

Rådmannen sine avgjerd, gjort etter dette reglement, kan påklagast til det overordna organet som i samsvar med lov, føresegner, reglement m. m., eller andre statlege eller kommunale retningslinjer, er saksansvarleg (klageinstans).

Klage på vedtak som er gjort av rådmannen / administrasjonen skal normalt ha oppsetjande verknad. Rådmannen kan likevel, dersom særlege sterke grunnar taler for det, eller fordi det av tidsomsyn er turvande å ta avgjerd straks, fråvika kravet om oppsetjande verknad. Ei slik avgjerd skal grunnjevast særskild.

Klagesaker skal til vanleg behandlast i første instansen (etter delegert mynde) før det vert behandla i klageorganet.

2.4 Litteratur:

· *Rundskriv H-12/94 frå Kommunal- og arbeidsdepartementet "Veiledning om intern klage i kommuner og fylkeskommuner.*

Forvaltningsloven §28 andre ledd". <http://odin.dep.no/krd/norsk/dok/regelverk/rundskriv/016051-250078/dok-bn.html>

· *Eckoff, Smith "Forvaltningsrett".*

3 Generelle fullmakter

3.1 Kommunestyret

I § 6 i kommunelova heiter det:

”Kommunestyret er det øverste kommunale organ. Det treffer vedtak på vegne av kommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak”.

3.2 Ordfører / varaordfører

Ordføreren er den fremste representanten til kommunen og tek seg av dei gjeremåla som er lagde til ordføreren i lover, forskrifter og reglement.

Ordføreren bør berre verta vald til andre kommunale verv når dette går fram av gjeldande føresegner, eller når det er naturleg at ordføreren deltek som representant for kommunen.

Ordføreren er generalforsamling for kommunale aksjeselskap, dersom ikkje noko anna er sagt i vedtektene for selskapet.

Varaordfører har ordfører sin mynde i ordføreren sitt fråvær, t.d. ved sjukdom, lengre reiser, feriar o.l.

3.3 Formannskapet

Er økonomiutval og har delegert ansvar for arbeidsgjevarpolitikken, næringsaker, eigedomsforvaltning, og saker etter alkohollova. Formannskapet er valstyre.

3.3.1 Eigedomsutval

Etter mandat fastsett av kommunestyret handsamar utvalet sal/kjøp av kommunal eigedom, innafor ei beløpsgrense på 4 mill kr, så langt dette ikkje er delegert til rådmannen.

3.3.2 Personalutval

Utvalet skal drøfta og handsama overordna personalpolitiske saker i tråd med avtaleverket, Hovudavtalen § 4.

(Det operative arbeidsgjevaransvaret og lønstingingar er delegert til rådmannen.)

3.4 Plan- og bygningsutvalet

Har ansvar for arealsaker etter plan- og bygningslov, jordlov og relaterte lover.

Ansvar for arealdelen til kommuneplanen og rammeplanar for arealrelatert infrastruktur (avlaup, vatn, energi, trafikksikring)

3.5 Tenesteutvalet

Spesielt fokus på den kommunale tenesteproduksjonen, her under kvalitet, omfang, service, brukarundersøkingar, serviceerklæringar, bestillar-/utførarrolla, utvikling av tenestetilbodet o.l.

Ansvar for særlover som ikkje er lagt til formannsskap eller plan- og bygningsutval.

3.6 Rådmannen

Kommunestyret, formannskapet og andre representative kommunale utval gjev rådmannen mynde til å treffa vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell art, jfr. [kommunelova § 23, punkt 4](#)

Om kva som er av prinsipiell art seier Ot.Prp.Nr. 42 (91-92) m.a. følgjande:

”Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser og ut fra kommunens eller fylkeskommunens størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksjer eller tidligere praksis”

Dersom rådmannen er i tvil om ei sak har prinsipiell / politisk karakter, vert spørsmålet om dette å leggja fram for ordføraren.

Rådmannen har slik mynde som øvste administrative leiar:

Å ta imot forkynningar og meldingar på vegner av kommunen i samband med rettssaker og liknande, reisa søksmål (forliksklage og stemning) på vegner av kommunen, anleggja privat straffesak eller krevja offentleg påtale når dette er naudsynt.

3.7 Klagenemnda

Klagenemnda handsamar klager vedk. enkeltvedtak som er fatta av kommunale, administrative eller politiske organ (med unntak av kommunestyret) der det ikkje etter særlov er eigen klageadgang / eige statleg klageorgan.

4 Saker der kommunestyret, formannskapet eller ordførar tek avgjerd

(kst = kommunestyret, ordf = ordføraren, Fsk = formannskapet)

Nr.	Saksfelt / lov	Av-gjerd	Klage-organ
4.1	Val og oppgåver i samband med politiske møte		
	Oppgåver i høve val etter k.lova §§ 8,9,10	kst	
4.1.04	Ta avgjerd om ei sak er god nok førebudd til å verta handsama i politiske utval	ordf	
4.2	Delegasjon/ reglement		
4.2.01	Saker om delegering av kommunalt mynde, også til faste kommunale utval, til styre eller råd for kommunal verksemd eller til interkommunalt styre for verksemd som er sett til å løysa kommunale / interkommunale oppgåver	kst	
4.2.02	Ta avgjerd om kva utval som skal handsama saker som er «sektorovergripande»	ordf	
4.2.05	Saker om reglement for kommunale, politiske organ	kst	
4.3	Planar		
4.3.01	<p>Kommuneplanen sin langsiktige del og handlingsprogrammet til denne, her under økonomiplan, årsbudsjett med skattevedtak, avgiftsvedtak, eigenbetalingsvedtak og låneopptaksvedtak.</p> <p>Kommunestyret skal elles, gjennom temadebattar, sikrast tidleg innverknad på dette planarbeidet.</p> <p>Endringar i følgjande ansvarsdelegering krev avgjerd i kommunestyret:</p> <p>Formannskapet skal leggja til rette for, og følgja opp, arbeidet med årsbudsjettet, og ha eit særleg ansvar for samordning av økonomiplanarbeidet.</p> <p>Formannskapet gjev budsjettinnstilling til kommunestyret</p> <p>Formannskapet skal leggja til rette for og følgja opp gjennomføringa av kommuneplanen sin langsiktige del og handlingsprogrammet med økonomiplan. Det skal leggjast særleg vekt på vedtekne satsingsområde</p> <p>Formannskapet skal vera «sektorovergripande» kommuneplannemnd med innstillingsrett til kst</p> <p>Formannskapet skal få utarbeidd, og syta for vurdering av, planar som er «sektorovergripande.»</p> <p>Formannskapet har i slike saker innstillingsrett</p>	<p>Kst</p> <p>Fsk</p>	
4.3.02	Godkjenning av reguleringsplanar.	kst	

4.4	Fast eiendom		
4.4.01	Saker om å kjøpa, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eiendom, og saker om å gje frå seg eller hefta bort rettar i fast eiendom . Slike saker er likevel delegert til formannskapet når eiendomen eller rettane har ein verdi på mindre enn 4 mill. kroner. (sjå pkt 3.3.1) Oppfølging av eigedomsvedtak i kommunestyret er delegert til rådmannen	Kst fsk	
4.5	Personale		
4.5.01	Tilsetting av rådmann. (k.lova § 22) Løn og arbeidsvilkår vert avgjort av formannskapet eller av ordførar, om formannskapet gjer vedtak om det.	Kst fsk	
4.5.02	Saker om arbeidsvilkår og godtgjersle for kommunale tillitsverv. (K.lova §§ 41,42 og43) (Eit eige ombudsutval skal førebu slike saker for kommunestyret.)	kst	
4.6	Økonomi		
4.6.01	Vedta Årsbudsjett (k.lova §§ 45, 46, jfr §47, vedk endringar)	kst	
4.6.02	Vedta Årsrekneskap og årsmelding (k.lova § 48)	kst	
4.6.03	Vedta Økonomiplan (k.lova § 44)	kst	
4.6.04	Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år eller har mykje å seia for kommunen sin økonomi. Slike saker er likevel delegerte til formannskapet når verdien det er tale om er lågare enn kr. 2.000.000,-.	Kst	
4.6.05	Saker om å garantera for andre sine økonomiske plikter. (k.lova § 51)	Kst	
4.7	Anna		
4.7.01	Eventuelle andre saker der lov krev det eller saka sin art gjer det naturleg at kommunestyret sjølv tek avgjerd.	kst	
4.7.02	Ta avgjerd om det skal søkjast om heidersteikn til politikarar og tilsette innanfor reglane til KS	ordf.	
4.8.03	I medhald av kommunelova, § 9.5 får ordførar fullmakt til å gjere vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, og t.d. ved lengre opphald i møteverksemda; m a i sommarferien, når saka haster eller det ikkje vert vurdert som naudsynt å kalla inn politisk utval.	ordf	

5 Andre oppgaver for ordfører / varaordfører

Nr	Saksområde
5.1	Kalla inn til møte i kommunestyre og formannskap i samsvar med reglane i kommunelova og reglement, vedteke i Os kommune
5.2	Leia møta i kommunestyret og formannskapet i samsvar med reglane i kommunelova og vedteke reglement.
5.3	Halda seg orientert om saker av særleg interesse for kommunen
5.4	Halda seg orientert om kommuneøkonomien
5.5	Svara på politiske førespurnader om utgreiingar av saker / sakskompleks
5.6	Ta initiativ til at viktige spørsmål vert tekne opp til handsaming og førelagt rett kommunalt organ.
5.7	Syta for rettleiing til kommunestyret om reglar for sakshandsaming, under dette også spørsmål om å vera ugild og om mindretalsanke
5.8	Syta for at kommunestyret vert gjort kjent med den økonomiske stoda i kommunen, tiltak som har mykje å seia for kommunen og om nye vedtak, føresegner, rundskriv, viktige meldingar og viktige saker som er under førebuing
5.9	Vera bindeledd mellom politisk nivå og administrasjonen, og sjå til at politiske vedtak vert følgde opp av administrasjonen
5.10	Rådmannen sin næraste overordna, og gjennomføra medarbeidarsamtalar med rådmannen
5.11	Kommunen sin rettslege representant. Underteikna rettsdokument og saksdokument som har vore handsama i politiske fora.
5.12	Politiske førespurnader om utgreiingar av saker / sakskompleks skal stilast til ordføraren
5.13	Vera generalforsamling for kommunen sine selskap, dersom ikkje noko anna er sagt i selskapet sine vedtekter.

6 Delegering

6.1 Hovudprinsipp

Os kommune vidarefører prinsippet om maksimal delegering av ansvar og mynde til administrasjonen (rådmannen) under folkevald styring og kontroll. (Kommunelova § 23.4). Rådmannen sitt mynde kan vidaredelegerast.

Delegeringsreglementet er sett opp etter prinsippet ”det som ikkje er nemnd, er delegert” (omvendt prinsipp), men likevel slik at det innan visse sentrale område/fagfelt er gjeve nærare presiseringar.

Prinsippet byggjer og på at enkeltsaker skal handsamast administrativt, men dersom saka inneheld nye /endra prinsipp som må avklarast, så skal desse avklarast politisk i ei generell sak, før enkeltsaka vert handsama.

Politisk nivå skal handsama saker av overordna karakter, prinsipielle einskildsaker og saker som etter lovverket ikkje kan delegerast til administrasjonen.

Rådmannen har høve til å delegera mynde vidare ut i organisasjonen der dette er praktisk mogeleg.

- Kommunestyret vedtek planar og retningsliner, og gjer vedtak i saker som ikkje er delegert.
- Kommunestyret kan under visse tilhøve ta opp og gjera om avgjerd som er gjort av underliggjande organ
- Politiske organ behandlar klager på avgjerder gjort av administrasjonen, med mindre klageinstansen ligg utanfor kommunen sitt mynde.
Klagesaker skal til vanleg behandlast i første instansen (etter delegert mynde) før det vert behandla i klageorganet.

Det er lagt vekt på å ha ”to-nivå” modell for klagehandsaming, dette for å sikre så rask klagehandsaming som råd er.

Forkortingar:	råd	= rådmannen / administrasjonen	fsk	= formannskapet
	kst	= kommunestyret	Pbu	= plan-og bygningsutvalet
	ten	= tenesteutvalet	eig	= eigedomsutvalet
	ordf	= ordføraren	Fyma	= Fylkesmannen
	p&l	= personal- og lønsutvalet		

6.2 Generelt

Nr.	Saksfelt / lov	Av-gjerd	Handsamsorgansorgan ved klage	Klageorgan
6.2.01	Avgjerder innafor drift av kommunen når dette ligg innanfor rammer som kommunestyret har vedteke (budsjett, plan, retningsliner). Full delegasjon etter kommunelova §23.	råd		
6.2.02	Gjera organisasjonsendringar som ikkje krev endra ressursbruk totalt i organisasjonen. Kommunelova § 24.	råd		
6.2.03	Handsama alle prinsipielle saker vedkomande kommunal drift og tenesteproduksjon som har økonomisk verknad	fsk		
6.2.04	Ta avgjerd i saker som krev samordna handsaming for fleire sektorar, der ei avgjerd i kommunestyret ikkje er naudsynt	fsk		
6.2.05	Samordna saker som skal til politisk behandling, og setja den politiske dagsorden	fsk		
6.2.06	Føra ein dialog med administrasjonen for å utvikla tillit og avklara tilhøvet mellom politikk og administrasjon	fsk		
6.2.07	Etablering av rutinar for tilbakemelding til kommunestyret om bruken av delegasjonsfullmaktene. Dette gjeld andre områder enn økonomirapportar, som går til formannskapet.	ten		

6.3 Hastemynde

Nr.	Saksfelt / lov	Av-gjerd	Handsamsorgansorgan ved klage	Klageorgan
6.3.01	Formannskapet har mynde til å treffa vedtak i saker som ordinært skulle vore avgjort av kommunestyret, i dei høve det er turvande å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalla inn kommunestyret, jfr. Kommunelova §13 pkt. 1 Melding om slikt vedtak skal leggjast fram for kommunestyret ved første høve. (Sjå og ordføraren sitt mynde i pkt 4.8.03)	fsk		

6.4 Barnehage

Nr.	Saksfelt / lov	Av-gjerd	Handsam-ingsorgan ved klage	Klage-organ
	Sjå pkt 3.5 tenesteutvalet			
6.4.01	Lov om barnehager av 17. juni 2005 nr. 64			
6.4.01.1	§ 8 : Kommunen er lokal barnehagestyresmakt og skal rettleia og sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande lovverk. Oppgåver etter lova er tillagt administrasjonen så langt lova tillet.	Råd		Fyma

6.5 Helsevern og sosiale tenester

Nr.	Saksfelt / lov	Av-gjerd	Handsam-ingsorgan ved klage	Klage-organ
	Sjå pkt 3.5 for tenesteutvalet sine oppgåver.			
6.5.01	Lov om helsetenesta i kommunane av 19. november 1982 nr. 66			
6.5.01.1	Mynde og gjeremål innanfor arbeidsområdet regulert av helsetenestelova, inkl miljøretta helsevern, er så langt dette kan delegerast, lagt til administrasjonen.	Råd		Fyma
6.5.02	Lov om sosiale tenester m.v. av 13. desember 1991 nr. 81			
6.5.02.1	Mynde etter sosiallova og evt lokale retningslinjer til denne, er lagt til administrasjonen.	Råd		Fyma
6.5.03	Lov om vern mot smittsame sjukdomar av 5. august 1994 nr. 55			
6.5.03.1	Gje pålegg om tiltak for å hindra eller avgrensa smittsame sjukdomar, § 4-2 1.ledd	Råd		Fyma
6.5.04	Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern av 2. juli 1999 nr. 62, og tilhøyrande føresegner			
6.5.04.1	Oppgåver etter lova er tillagt administrasjonen	Råd		Fyma
6.5.05	Lov om barnevernstenester av 17. juli 1992 nr. 100, med endringar			
6.5.05.1	Utføra dei oppgåvene som er lagt til kommunen i barnevernssaker, § 2-1	Råd		Fyma
6.5.06	Lov om spesialisthelsetenesta m.m. av 2. juli 1999 nr. 61			
6.5.06.1	Oppgåver etter lova er tillagt administrasjonen	Råd		Fyma
6.5.07	Lov om helsepersonell m.v. av 2. juli 1999 nr. 64			
6.5.07.1	Oppgåver etter lova er tillagt administrasjonen	Råd		Fyma
6.5.08	Lov om pasientrettigheter av 2. juli 1999 nr. 63			
6.5.08.1	Oppgåver etter lova er tillagt administrasjonen	Råd		Fyma
6.5.09	Lov om vergemål for umyndige av 22.april 1927 nr. 3, med endringar			
6.5.09.1	Oppgåver etter lova er tillagt administrasjonen	Råd		Fyma

6.6 Plan- og tekniske tenester

Nr.	Saksfelt / lov	Av-gjerd	Handsamingsorgan ved klage	Klageorgan
6.6.01	Lov om planlegging og byggesakshandsaming, av 27.06.2008, nr 71			
6.6.01.1	<p>Mynde og gjeremål etter lova er tillagt administrasjonen så langt lova tillet, likevel slik at:</p> <ul style="list-style-type: none"> · Kommunestyret sjølv behandlar spørsmål om å fastsette planprogram, vedta planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan. · Plan og bygningsutvalet (Pbu) behandlar klager på enkeltvedtak gjort av administrasjonen etter fvl. § 33, jf. § pbl. § 1-9, før dei evt. går vidare til klageinstansen etter § 1-9. · Pbu behandlar endring og oppheving av reguleringsplan, i dei sakene der avgjerdsmynda kan delegerast etter lova. · Pbu er saksbehandlingsorgan for plansaker etter plan- og bygningsloven der avgjerdsmynde ligg til kommunestyret. Dette gjeld med unntak av saksbehandling og avgjerd etter § 12-8, som er lagt til administrasjonen. Kommunestyret sitt avgjerdsmynde etter § 12-8 vert delegert til Pbu. 	Pbu	Pbu	Fyma Fyma Fyma
6.6.01.2	Kommunestyret handsamar spørsmål om ekspropriasjon i samsvar me kap 16 i Plan og bygningslova	Kst		Fyma
6.6.02	Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom av 23. juni 1978 nr. 70,			
6.6.02.1	Kommunen sine pliktar / rettar etter lova er tillagt administrasjonen så langt lova tillet.	råd	Pbu	Fyma
6.6.02.2	Mynde og ansvar for føring av GAB-registeret (Grunneigedom /Adresse / Bustad), tildeling av offisielle adresser m.v.	råd	Pbu	Fyma
6.6.04	Lov om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom av 28.11-2003 nr. 98 <u>og tilhøyrande føresegner</u>			
6.6.04.1	<p>Vedtak i saker etter konsesjonslova som gjeld:</p> <ul style="list-style-type: none"> · Landbrukseigedomar · Kjøparar som ikkje ynskjer å nytta eigedomen i tråd med gjeldande plan, jfr. Plan- og bygningslova · Kjøparar som ynskjer konsesjon på spesielle vilkår 	råd	ten	Fyma
6.6.04.2	Innvilga konsesjon når dette er lagt til kommunen, og administrasjonen ikkje finn grunn til å nekta konsesjon	råd	Ten	Fyma
6.6.04.3	Gjera vedtak / tilråding om bu- og driveplikt (jfr odelslova)	råd	Ten	Fyma
6.6.04.4	Stadfesta om vilkåra for konsesjonsfridom etter § 5er til stades	råd	Ten	Fyma
6.6.05.	Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23			
6.6.05.1	Vedtak om deling av grunneigedom og omdisponering av jord når søknaden omfattar meir enn 0,5 daa	fsk		Fyma
6.6.05.2	Vedtak om deling av grunneigedom og omdisponering av jord når søknaden omfattar mindre enn 0,5 daa	råd	Fsk	Fyma

6.6.06	Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82			
6.6.06.1	Gje unntak frå Lov om motorferdsel i utmark for	råd	Ten	Fyma

	særskilt høve eller særskilt tidsromm (§ 6)			
6.6.07	Lov om forpaktning av 25. juni 1965 nr. 1			
6.6.07.1	Vedtak om forpaktingsavtale (§4 og §6) og om skjøn (§ 11)	råd	Ten	Fyma
6.6.08	Lov om eigarseksjonering av 23. mai 1997 nr. 31			
6.6.08.1	Oppgaver etter lova er tillagt administrasjonen	råd	Ten	Fyma
6.6.09	Lov mot vern av forurensinger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, og tilhøyrande føresegner.			
6.6.09.1	Gjera einskildvedtak etter lova, unnateke vedtak om forskrift (§9), om innløyising (§17), avfallsplan (§33), gebyr (§34)	råd		Klag
6.6.09.2	Gjera einskildvedtak etter lokale renovasjonsføresegner	råd		Klag
6.6.10	Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver av 14. juni 2002 nr. 20			
6.6.10.1	Kommunen sitt mynde etter lova, unnateke vedtak etter § 28 (gebyr), § 40 (tvangsgjennomføring) og § 42 (straff), som ligg til Kst	råd		Klag
6.6.11	Veglov av 21.juni 1963 nr.23			
6.6.11.1	Mynde som vegstyremakt etter Veglova § 9, 4. ledd i alle saker som må reknast som kurante.	råd		Klag
6.6.11.2	Bygging, overtaking eller nedlegging av kommunale vegar, og om oreigning av grunn til veg. Veglova, kap. VI	kst		
6.6.12	Vegtrafikklov av 18. juni 1965 nr. 4			
6.6.12.1	Kommunen sitt mynde som skilt-styresmakt	råd		Klag
6.6.13	Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21. juni 2002 nr. 45			
6.6.13.1	Gje uttale om løyve i enkeltsaker	råd		
6.6.14	Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 nr. 17			
6.6.14.1	Oppgaver etter lova er tillagt administrasjonen så langt lova tillet, herunder einskildvedtak etter lov og forskrifter	råd		Klag
6.6.15	Lov om havner og farvann av 8. juni 1984 nr. 51			
6.6.15.1	Forutan fastsetting av avgift, er oppgåvene lagt til administrasjonen	råd		
6.6.16	Anna			
6.6.16.1	Fungera som trafikksikringsutval	Pbu		
6.6.16.2	Godkjenna kommunal overtaking av private kommunaltekniske anlegg, etter gjeldande reglar.	råd		Klag
6.6.16.3	Mynde til å krevja kartforretning for kommunen sine eigedomar, og til å opptre som kjøpar /nabo i slike saker	råd		
6.6.16.4	Vedtak om tilskot etter jordbruksavtalen	råd		Klag
6.6.16.5	Uttale om tilskot etter jordbruksavtalen	råd		

6.7 Undervisning

Nr.	Saksfelt / lov	Av-gjerd	Handsam-ingsorgan ved klage	Klage-organ
	Sjå pkt 3.5 for tenesteutvalet sine oppgåver.			
6.7.01	Lov om opplæring og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61			
6.7.01.1	Oppgåver etter opplæringslova er lagt til administrasjonen så langt lova tillet.	råd		Fyma
6.7.02	Lov om vaksenopplæring av 28. mai 1976 nr. 35			
6.7.02.1	Oppgåver er lagt til administrasjonen så langt lova tillet	råd		Fyma

6.8 Personal-/arbeidsgjevarfunksjonen

Nr.	Saksfelt / lov	Av-gjerd	Handsam-ingsorgan ved klage	Klage-organ
6.8.01	Tilsetja og seia opp i stillingar, og ta avgjerd i personalsaker (K.lova §24.1). (Tilsetting/oppseiing av rådmann, samt bruk av evt åremål, vert gjort av kommunestyret. K.lova § 24.2)	råd		Klag
6.8.02	Omgjera, oppretta og leggja ned stillingar (faste og mellombelse) i dei høve der tiltaket er i tråd med årsbudsjett, handlingsprogram eller økonomiplan, jfr. kommunelova § 24 pkt. 1	råd		
6.8.03	Permisjonar og ferie	råd		
6.8.04	Avtaleverket mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar. Handheving, tingingar	råd		
6.8.05	Godkjenna sentrale avtalar som KS ikkje har mynde til å avgjera	råd		
6.8.06	Andre arbeidsgjevarsaker av ikkje prinsipiell karakter	råd		
6.8.07	Ta avgjerd i stridsspørsmål om forståing og praktisering av avtalar, reglement og andre vedtak som vedkjem tilsettings- og arbeidsvilkåra til	p&l		
6.8.08	Ha ansvar for å handsama og gjera framlegg om overordna retningsliner for kommunen sin personalpolitikk, herunder rullering av Personalpolitiske retningsliner for Os kommune	p&l		

6.9 Økonomi

Nr.	Saksfelt / lov	Av-gjerd	Handsamsingsorgan ved klage	Klageorgan
6.9.01	Tildeling av kulturstipend	fsk		
6.9.02	Kommunelova sine rekneskapsforskrifter § 11			
6.9.02.1	Disponera kommunen sine bankkonti	Råd		
6.9.02.2	Tilvisingsfullmakt for heile kommunebudsjettet	Råd		
6.9.02.3	Fullmakt til å nytta midlar, avsette på fond, så lenge midlane vert nytta til det føremålet som kommunestyret har bestemt	Råd		
6.9.02.4	Gjera endringar i driftsbudsjettet når kommunen si nettorammer ikkje vert vesentleg endra, eller intensjonane i vedteke budsjett ikkje vert skipla. I samsvar med vedtekne effektiviseringsmål får rådmannen fullmakt til å omfordele, evt trekke inn midlar frå einingane for å nå måla.			
6.9.02.5	Plassera overskotslikviditet	Råd		
6.9.02.6	Opptak av lån, godkjenning av lånevilkår samt signering av lånedokument i samsvar med kommunelova § 50.	Råd		
6.9.02.7	Refinansiere tidlegare opptekne lån	Råd		
6.9.02.8	Tildela etableringslån, utbetingslån og utbetingsstilskot i samsvar med retningsliner frå Husbanken	Råd		
6.9.02.9	Fastsetja individuelle betalingsplanar for tilbakebetaling av etablerings- og utbetingslån, herunder fullmakt til å gje betalingsutsetting	Råd		
6.9.02.10	Godkjenna ny debitor for etablerings- og utbetingslån ved skilsmål eller liknande samlivsbrot	Råd		
6.9.02.11	Fråvika eller sletta pant / prioritet for mindre lån når det neppe vil føra til tapsrisiko for kommunen.	Råd		
6.9.02.12	Setja i verk utleggsforretningar for kommunale krav	Råd		
6.9.02.13	Krevja tvangsauksjon for kommunale avgifter og andre kommunale krav.	Råd		
6.9.02.14	Gjera vedtak om å krevja konkurs	Råd		
6.9.02.15	Fullmakt til å avskriva kommunale krav	Råd		
6.9.02.16	Innkjøp innanfor vedteke budsjett, herunder å inngå leasingavtaler for driftsmiddel.	Råd		
6.9.02.17	Fullmakt til å selja og/eller utrangera utstyr og materiell	Råd		
6.9.02.18	Inngå avtalar om kraftkjøp til kommunale bygg, veglys og kommunaltekniske anlegg. Fullmakta gjeld og oppseiing av slike avtalar.	Råd		
6.9.02.19	Fullmakt til å ta avgjerd i saker der organisasjonar har søkt om økonomisk stønad, støtteannonse e l.	Råd		
6.9.02.20	Berekna og utbetala lovfesta tilskot til livssyns- og trussamfunn	Råd		
6.9.02.21	Fordela stønad til politiske parti etter staten sine reglar	Råd		
6.9.02.22	Godkjenna / avslå framlegg om tvungen gjeldsordning (gjeld ikkje skatt)	Råd		
6.9.03	Lov om betaling og innkreving av skatt- og avgiftskrav av 17. juni 2005 nr. 67			
6.9.03.1	Adm får fullmakt så langt lova tillet. Jfr. også forskrift av 18.06.97	Råd		Skatt vest

6.10 Andre særlover

Nr.	Saksfelt / lov	Av-gjerd	Handsamsingsorgan ved klage	Klageorgan
6.10.01	Lov om viltet av 29.05.1981 nr. 38			
6.10.01.1	Oppgaver etter lova er tillagt administrasjonen. Prinsipielle saker skal til formannskapet.	Råd Fsk	Fsk	Fyma
6.10.02	Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15. mai 1992 nr. 47			
6.10.02.1	Uttale til saker og avgjerd i forvaltningssaker etter laksefiskelova	Råd	Fsk	Fyma
6.10.03	Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 2. juni 1989 – 27			
6.10.03.1	Tildela ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for einskildhøve	Råd		
6.10.03.2	Gje dispensasjon frå vedtekne sals- og skjenketider for alkohol ved einskildhøve	Råd		
6.10.03.3	Godkjenna utviding av skjenkelokale for einskildhøve	Råd		
6.10.03.4	Godkjenna løyvehavar for sals- og skjenkeløyve	Råd		
6.10.03.5	Godkjenna utvida fast skjenketid innan dei rammene kommunestyret har sett	Råd		
6.10.04	Lov om val til Storting, fylkesting og kommunestyre av 28. juni 2002 nr. 57			
6.10.04.1	Vera valstyre for kommune- og fylkestingsvalet i medhald av vallova, og ha all mynde etter denne lova, jfr. Pkt 2	Fsk		
6.10.04.2	Einskildsaker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. vallova m/valrundskriv og kommunelova § 10 nr. 4 og § 23 nr. 4	Råd		
6.10.05	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Lov om særlege rådegjerder under krig, krigsfare og liknande tilhøve av 15.12.1950 nr. 7 ✓ Lov om forsynings- og beredskapstiltak av 14.12.1956 nr. 7 ✓ Lov om sivilforsvaret av 17. juli 1953 nr. 9 ✓ Lov om helsemessig beredskap av 23.06.2000 nr. 56 ✓ Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.09.1992 nr. 107 			
6.10.05.1	Føra tilsyn med og samordna beredskapsarbeidet som kommunen er pålagd i samsvar med overnemnde lover	fsk		
6.10.05.2	Føra tilsyn med beredskapsrådet	fsk		
6.10.05.3	Mynde til å påleggja kommunale nemnder, styre og råd å utføra beredskapsoppgåver som vedkjem eige arbeidsområde	fsk		
6.10.05.4	Oppgaver etter nemnde lovverk er dessutan delegert til administrasjonen så langt lovene tillet.	råd		
6.10.06	Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 108			
6.10.06.1	Opgåver etter lova er lagt til rådmannen	Råd		

6.10.07	Lov om film og videogram av 15. mai 1987 nr.21			
6.10.07.1	Oppgaver etter lova er lagt til rådmannen	Råd		
6.10.08	Lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50			
6.10.08.1	Oppgaver etter lova er lagt til rådmannen	Råd		
6.10.09	Lov om tobaksskade av 09. mars 1973 nr. 14			
6.10.09.1	Med unntak av § 6, 5 ledd i lova og § 12 i føresegnene om dispensasjon, fører rådmannen tilsyn og fattar vedtak om gransking, retting og tvangsmulkt (Jfr. Kommunehelselova §4a-7, til 4a9.)	Råd	Kst	Fyma
6.10.10	Lov om serveringsvirksomhet av 13. juni 1997 nr. 55			
6.10.10.1	Gjera einskildvedtak etter lova, unnateke §19 (Tilbakekalling av serveringsbevilling)	Råd	Kst	Fyma
6.10.11	Lov om stadnamn av 18. mai 1990 nr. 11			
6.10.11.1	Fastsetting av vegnamn	Råd		Kst
6.10.12	Lov om adopsjon av 28.februar 1986 nr. 8			
6.10.12.1	Oppgaver etter lova er tillagt rådmannen	Råd		Fyma
6.10.13	Lov om arkiv av 4. desember 1992 nr. 126			
6.10.13.1	Oppgaver etter lova er tillagt rådmannen	Råd		
6.10.14	Lov om straff av 20. mai 2005 nr. 28,			
6.10.14.1	Rett til å krevja påtale for brotsverk mot heradet	Råd		
6.10.15	Lov om rettstilhøve mellom grannar, av 16. juni 1961 nr. 15			
6.10.15.1	Opptre på kommunen sine vegner i grannetilhøve i saker som ikkje har prinsipiell karakter	Råd		
6.10.16	Lov om friluftslivet (friluftsløven)			
6.10.16.1	Oppgaver etter lova er tillagt rådmannen (vidaredelegert til Kultur)	Råd		Fyma

6.11 Anna

Nr.	Saksfelt / lov	Av-gjerd	Handsam-ingsorgan ved klage	Klage-organ
6.11.01	Fungera som Musikk- og kulturskuleutval	ten		
6.11.02	Oppnemna kommunal representant i 17. mai-komitèen	fsk		
6.11.03	Gje løyve til å bruka kommunemerket etter vedtekne retningsliner	råd		
6.11.04	Justering / endring av reglar for tilskot til frivillige organisasjonar, der justeringa / endringa ikkje er av prinsipiell karakter	råd		
6.11.05	Førestå utleige av kommunale gjennomgangsbustader	råd		
6.11.06	Retningsliner for bruk og tildeling av tid for private/lag/organisasjonar i kommunale bygg	råd		
6.11.07	Oppretta eller leggja ned sysselsettingstiltak som er i samsvar med godkjende avtalar og tilsegn for arbeidsmarknadstiltak, og som er i samsvar med årsbudsjett og økonomiplan	råd		
6.11.08	Engasjera støttekontaktar, og å engasjera hjelp innafor bestemte tidsrom til spesielle tiltak innafor barnevern, jfr. lov om barnevernstenester § 2-1	råd		
6.11.09	Rådmannen har ansvar for at det vert etablert gode rapporteringsrutinar til politiske organ, slik at desse til ei kvar tid er orienterte om saksomfang, vedtaksrutinar	råd		

	og avgjerdsnivå i høve bruken av delegeringsfullmaktene			
6.11.10	Leggja rettsdokument og andre viktige dokument fram for ordføraren	råd		

7 Oversikt over utval, råd og nemnder

X tyder at nemnda/utvalet er pålagt ved lov.

Utval/råd	Lov-pålagt	Representasjon / valde av	Kommentarar
Kommunestyret	X	35 repr.	Kommunelova § 7
Formannskapet	X	9 / kst	Kommunelova § 8
Eigedomsutvalet		3+ vara / valde mellom medlemne i formannskapet	
Personalutvalet	X	3+vara / valde mellom medlemne i formannskapet 2 tilsetterepr. i samsvar med Hovudavtalen § 4	
Plan- og bygningsutvalet		9 / kst	
Tenesteutvalet		9 / kst	
Kontrollutvalet	X	5 / kst	Kommunelova § 77
Arbeidsmiljøutvalet-AMU (Underutval:AKAN, attføringsutvalet)	X	6 repr: 3 /rådmannen + 3 / tilsette	Partssamansett utval Arbeidsmiljølova § 7
Eldreråd	X	7 / kst / 3 pol. + 4 frå org.	
Beredskapsråd	X	8 / kst: ordf., varaordf, rådm., sjef lokalt sivilf., forsvaret, Røde Kors, kommuneoverlege og lensmann	
Strandstaden Os		kst 5 / 3 + ordf. + varaordf.	
Råd for funksjonshemma		7 kst: / 2 pol., 1 råd og 4 lag/org.	
Kunstnemnda		kst 5: / 2 politikarar + 3 frå kunstlivet	
Utval for fordeling av kulturmidlar		3 grupper à 4 personar (3 brukarrepresentantar + 1 politikar)	Fordele kulturmidlar
Kommunal Krisestab	X	5 / kst: ordf., rådm., brannsj., kommuneoverlege og lensmann	
Klagenemnd	X	3 / kst	

Utval/råd	Lov-pålagt	Representasjon / valde av	Kommentarar
Overformynderi, medlem og forretningsførande overformyndar	X	2 / fsk	
Soknerådet	X	1 / kst	
Bergen og omland Havnestyret og Havnerådet		1 / kst til kvart råd	
IUA Bergen region, deltaking årsmøte		1 / kst	Interkommunalt utval for akutt forureining
Bergen og omland Friluftsråd, styrerepr.		1 / kst. kst vel 3 til årsmøtet	Represent. i flg. vedtekter
BiR generalforsamling-representantskapet og styre		1 / kst til styre og rep.skapet	
Driftsassistanse i Hordaland (vatn og avløp)		1 / Kst	Interkommunalt
Dr. Strønens legat, legatstyret	X	3 / kst	Legatlova
Dyrevernsmnd i Bergen veterinærdistrikt (Bergen, Osterøy og Os)	X	1 / fsk	Fylkesmannen (FM) oppnemner medlem frå Os og Fsk godkjenner valet.
Os bygg & eigedom		Gen.forsaml., 5 styremedl.+vara	
OS ASVO AS		Komm. AS	Fsk gen.forsaml. 5 styremedl+vara
Oselvarverkstaden, styret		1 / kst	Stifting
Heimevernsmnd	X	2 / kst	
Os Drosjesentral, styret		1 / kst	
E-39 arbeidsgruppe		3 / fsk	
Kommunenes Sentralforbund		3 / kst	
Ombodsmannskontakt KS		1 / kst	
Os Folkeakademi, styrerepr.		1 / kst	
RadiOs, styrerepr.		1 / kst	
Samarbeidsutval skulane i Os		Kst vel 1 repr. i kvart utval m/vara	
Samarbeidsutvala i dei komm. barnehagane	X	Kst vel 1 m/vara til kvart utval	
Takstutval for jord og skogbruk		3 / kst	
17.mai-komiteen		1 / fsk	

Barnerepresentantordninga etter plan-og bygningslova	X	1 / kst m/vara	
Fagrådet for Oselvassdraget		1 / kst m/vara	Os har sekretæransvaret
Valstyre	X	9 / kst	